

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
I
ROGALAND
1970

Navnet på vatnet Moldesetervatnet
Kommune Ølen/Vindafjord

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg, etter retnings-
liner og i nært samarbeid med Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr
Øyvind Vasshaug.

M O L D E S E T E R V A T N E T.

Fiskeanalysen vart foreteken den 18 september 1969.

Vatnet ligg i Ølen og Vindafjord kommunar, fylkesgrensa kryssar vatnet, og på austsida av vegen mellom Isvik og Trovåg. H.o.h. er 22 m.

Største lengde er ca 2 000 m og medelbredde ca. 300 m med eit areal på omlag 60 ha.

Det er stort sett eit grunt vatn og har neppe nokon stad djupna over ca. 20 m utan at dette er målt.

Stranda består for det meste av stein som går over til gjørme og delvis sandbotn mot djupet. Grunnfjellet støyter fleire stader like til vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, nøkkeroser, siv- og algevekster utgjer storparten av vegetasjonen frå stranda og utover.

Nedslagsfeltet femner om snaumark, myr og fjell. Her veks spredt bjørke- og furuskog med einer, pors, røslyng, blåbærlyng m.v. som undervegetasjon. I søre delen av vatnet kjem noko tilsig frå kulturbeiter og dyrka mark.

Hovudtilsiget kjem frå Krossleitebekken på austsida, men der fell og inn fleire andre mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i nord "Trovågelva" og går til sjøen ved Trovåg.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 5.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul. Surheita pH er målt til 6.3 som reknast å vera bra for aure.

Innhaldet av kalk (CaCO_3) er 3.7 mg/l og den totale hardheita 10.2 mg/l. Vatnet må etter dette karakteriseraast som kalkfattig, men likevel bra i høve til mange andre analyserte vatn. Leiingsemna $K_{18} = 42.1 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjenomstrøyminga må seiast å vera liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke to botnprøver på 2.0 m, 1 prøve på 5.0 m og 1 prøve på 10.0 m. Ein kom fram til følgjande resultat.

Den eine prøven på 2.0 m gav som resultat 8 fjermygglarver i vårflugelarve -tilsvarande 90 individ pr. m^2 . Den andre prøven gav 2 muslinger og 1 vårflugelarve eller samla 30 individ pr. m^2 .

På 5,0 m vart det funne 7 muslingar, 1 mygglarve og 2 fjærmygglarver - i alt 100 individ pr. m^2 .

10,0 meteren gav som resultat 9 muslingar, 1 mygglarve og 2 fjærmygglarver - til saman 120 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner etter dette lite med botndyr.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av på det tidspunkt analysen vart foretken, tok ein mageprøver av 3 fiskar og her vart der funne stingsild, planktoniske krepsdyr, vårfuglarver og teger.

Planktonprøver.

Det vart teke både horisontale og vertikale plankontrekk, med planktonhov, og ein kom til fylgjande resultat:

10,0 m vert.trekk var ein relativt fattig prøve av små vasslopper og hoppekrepss.


50,0 m hor.trekk var ein rikare prøve av dei same artene.

Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Aure, røyr, stingsild og ål.

Det vart sett ut 9 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 16 aurar og 7 røyr.

Fordeler vi heile fangsten på omfara vil ei grafisk framstilling sjå ut som synt nedanfor.





Det vart teke prøver av alle aurane og av desse var 11 stk. røde og 5 stk. lys-røde i fiskekjøttet.

8 stk. var hannfisk og 8 stk. hofisk - ei helst uvanleg jamm kjønnsfordeling.

13 stk. av prøgefiskane var meir eller mindre angripne av måkemark.

Medel fyllingsgrad 1,4 - 7 stk. var tome i magesekken.

På neste side har vi sett opp ei grafisk framstilling av fangsten fordelt på cm-klassar. Auren er her for seg og røyra for seg.




Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

| | Alder i år | | | | | | |
|------------------------|------------|------|------|------|------|------|------|
| | 1år | 2år | 3år | 4år | 5år | 6år | 7år |
| Medel lengde i cm | 5,4 | 11,2 | 16,3 | 21,2 | 27,3 | 32,6 | 38,5 |
| Årleg lengdetilv. i cm | 5,4 | 5,8 | 5,1 | 4,9 | 6,1 | 5,3 | 5,9 |
| Antall fiskar | 16 | 16 | 16 | 13 | 11 | 5 | 3 |

Medel kondisjonsfaktor = 0,96 tilsvrarar fisk av medels kvalitet.

På neste side har vi satt opp ein vekstkurve for fisken i Moldesetervatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner fisken i Moldesetervatnet ein god lengdetilvekst og ligg heile tida over normalkurven.

Nokon vekststagnasjon i samband med kjønnsmogning og gyting gjer seg ikkje gjeldane.

Nå er prøvematerialet her noko tynt, berre 16 fiskar, men det skulle likevel gi ein viss peikepinn. Vanlegvis blir vekstkurven sett opp på bakgrunn av ca. 25-30 fiskar.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som noko næringsfattig, og det er også naturleg, då nedslagsfeltet for ein stor del er magert. Det er såleis lite med mineral og nærinsstoff som gjenom tilsiga blir tilført vatnet.

Som kjent er det nedslagsfeltet som er avgjerande for nærings-tilgangen og fiskeproduksjonen i eit vatn. Kjem tilsiga frå dyrka mark, kulturbeteer o.l. vil alltid tilsiga herfrå føre verfulle næringsstoff med seg som kjem vatnet tilgode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet, og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Surheita pH og kalkinnhaldet m.v. skulle likevel tilseie eit vatn som gir gode vilkår for fisken, men nokon særleg stor avkastning pr. ha. kan ein ikkje rekne med, slik tilhøva er idag.

Botnprøvene våre var helst magre - særleg resultata av dei 2 prøvene som vart tekne på 2,0 m og årsaka til dette er den reguleringa av vass-standen som vatnet er utsatt for.

Som regel er det slik, at eit vatn etter regulering aldri på lengere sikt vil kunne gi den same avkastinga som før regulering. Då vass-standenher kan variere ca. 2,0 m, vil dette føre til at dei næringsdyra som heldt til i denne strandsona går til grunne.

Ein del vil kanskje kunne trekkje ut i vatnet att, men langt frå alle. Dette er hovudårsaka til at vi fann så lite med næringsdyr på 2,0 m prøvene, som normalt brukar å vere den beste.

Auren i Moldesetervatnet er uvanleg blank og fin, og minner mykje om sjøaure. Lengdetilveksten på fisken er god, men kondisjonsfaktoren tilseier noko langstrakt fisk. Gytetilhøva er jamtover därlege, så det er uvisst om auren sjølv vil kunne sørge for ei tilfredstillande rekruttering.

Røyra vi fekk var særfeit og fin. Medelvokta for dei 7 fiskane var 277 gram og medellengda 29,6 cm.

Ca. 80% av aurane var svakt angripne av parasittar, etter alt å døma måkemark.

Praktiske tiltak.

Den 23.mars 1968 vart Moldesetervatnets Fiskeretts-lag starta eit prisverdig tiltak - med tanke på å drive vatnet på best mogeleg måte.

Etter det vi har forstått, er der likevel ynskje om å starte eit grunneigarlag ut frå dei retningsliner som Norges Bondelag har lagt fram, og i såfall skal vi vera hjelpsame med å få dette til.

Eit av dei viktigaste tiltaka i Moldesetervatnet, er om mogeleg å prøve å minske reguleringo, slik at vass-standen vert halden på eit mest mogeleg konstant nivå. Dermed vil ein kunne auka næringsførrådet og fylgjeleg fiskeproduksjonen.

Det er som kjent den lyse og varme strandsona, frå strandkanten og ut til ca. 2.0 m djup, som ofte er den mest verfulle i eit vatn då det er her næringsdyr-produksjonen for ei lang rekke innsekter foregår.

Storparten av dei aurane vi fekk var svakt angripne av måke-mark, så eit viktig tiltak er å halde måken borte frå vatnet. Vi skal då hugse på, at det er den måken som hekkar i nærleiken eller har fast tilhald i vatnet som er den mest farlege. Måke som kjem på ein snartur inn frå sjøen er meir ufarleg. Ein annan viktig ting i denne samanhengen er at ein alltid grep fiskeslo og anna fiskeavfall forsvarleg ned, slik at korkje fugl eller husdyr (katt) får tak i dette.

Prøvefisken vår gav som resultat 7 røyra i tillegg til auren. Etter det folk på staden kan fortelje er der ganske mykje røyra i vatnet og det er då om å gjere å drive eit hardt garnfiske etter røyra i gyttetida. Røyra har som kjent stor formeringsemne (omlag det dobbelte av aure) så ein må lokalisera gytepllassane elles kan ein risikera at røyra på litt lengere sikt, kjem til å dominera vatnet fullt ut og det er ingen tent med. Det er mogeleg at røyra er på framgang og auren på tilbakegang i Moldesetervatnet i dag.

Som nemnt tidlegare, er gyttetilhøva for auren därlege, men der skulle vera muligheter for å rette noko på dette ved å utbetre avlaupet til Krossleitebekken. Det vil nok koste nokre kroner å få dette til, då ein må endre avlaupet noko og byggje kulpar oppover steinrøysa i ca 15-20m.lengde. Om grunneigarane ved dugnadsarbeid kan tenkje seg å gjere dette, vil underskrivne hjelpe til på beste måte. Nå er ikkje dette av dei ting som hastar mest, då aurebestanden i vatnet i dag ser ut til å vera nokonlunde bra avpassa etter næringsførrådet, men skulle tilhøva seinare endra seg kan det koma på tale.

Moldesetervatnet er eit idyllisk og fint fiskevatn som eignar seg godt for sportsfiske. Det ligg sentralt til og byd på gode standplassar for fisk overalt. Der er grunn til å tru, at mang ein sportsfiskar ville kome til å løyse fiskekort for å prøve lukka i nettop dette vatnet.

Om 4 - 5 år må der takast ein ny analyse.

Stavanger 3/2 1971

Einar Berg